

Ivar Thorsheim

Sæbøvågen 12.06.2014

Sæbøvegen 353

5938 SÆBØVÅGEN

Radøy kommune

5936 MANGER

GNR. 89/6 KVAMME – SØKNAD OM RIVING OG OPPATTBYGGING AV VÅNINGSHUS.

Viser til dykkar brev dat. 03.12.2013, avslag på søknad om riving av våningshus.

I brevet vert det vist til ynskje om dialog med eigarane om evt bevaring og bruk av huset.

Frå vår side har eit alternativ til riving av heile huset vore vedlikehald der riving av delar av huset inngår. Vi ynskjer å sitja att med eit mindre hus som vi vil kunna vedlikehalda og evt. byggja ut i framtida.

For å få kvalifisert hjelp til å vurdere mogelegheiter og løysingar tok vi i vår kontakt med Arild Sætre ved Museumsenteret i Salhus. Han har også tidlegare vore rådgjevar for kommunen i denne saka. Arild Sætre og Roald Landøy var på ny synfaring 29.04.2014, og det ligg no føre rapport dat. 13.05.2014 med konklusjon og skisser for vidare arbeid.

Vi ynskjer no signal frå kommunen om den løysinga som vert tilrådd frå bygningsverntenesta og kulturverntenesta er akseptabel for kommunen.

Vi ber etter det om eit snarleg møte om saka og ser fram til eit konstruktivt samarbeid.

Med helsing



Ivar Thorsheim

Vedlegg: Brev dat. 13.05.2014 frå Arild Sætre

Skisser